



VEG I VEST

BEDRIFTSAVIS FOR STATENS VEGVESEN, HORDALAND



NR. 2 JULI 1984 ÅRGANG 8



VEG I VEST

NR. 2 — ÅRGANG 8

REDAKTØR:
Ragnhild Øverland Arnesen

REDAKSJONSRÅD:
Josef Martinsen
Per S. Myhren
Gunnar Gjæringen
Svein Gjerde
Oddbjørn Lynghammer
Gudrun Caspersen

Opplag: 2.500

Lay-out,
trykk og distribusjon
Bergens Tidende/J. W. Eide
Bergen

Ettertrykk tillatt
— med kildeangivelse

INNHALD:

Om å feie for eiga dør.....	3
Vegsjefen har ordet.....	4
Avkjørselssakene: Ny medisin til «vond tå».....	5
Streik.....	6
Økende antall trafikkulykker.....	7
Planavdelinga går nye vegar.....	10
— Folieseparasjon.....	10
— Flyfotografering.....	12
— Video.....	13
Aksjon kjøreløys.....	15
Vegopning på Voss.....	15
Bedriftslegen er på plass!.....	16
Sykkelgruppa trår til.....	18
Ein venleg tanke.....	18
Holmenkollstafetten.....	20
Det nye samferdselsstyret.....	21
Hvilke kvalifikasjoner bør vi kreve av våre ledere?.....	22
EDB i biltilsynet.....	24
EDB-nytt.....	26
Fullprofilmaskinen på plass i juli.....	27
Gråstein er på moten att.....	29
Personalnytt.....	31

Foto på framsida

Gråsteinsmural har fått sin renessanse. Biletet syner murarbeid på Nordre
innsjøare, og det er birger Kveistad og Knut Sæviastad som ser til at alt kjem på
rett plass her.

1981-1982

Foto på baksida

Svelten bru på Øydardsveien mellom Masje og Fulløy. Den vort bygd som trutt
fram bru med hjelpemiddel midt i sundet.

1981-1982

Om å feie for eiga dør...

I ei annonse som vegvesenet går ut med kvar sommar om forbod mot sal på nokre av ferjekaiane, står det at tilgrising og forsøpling i samband med sal kan føre til bortvising frå kaien. Sjølvsaft, det skulle berre mangle.

Men kva om vi gjekk føre med eit godt eksempel? Ser ein etter på ferjekaiane, står det ikkje så svært godt til med det som vegvesenet har ansvaret for heller. Boltar i fenderfeste og kai rustar av, sikringsgjerde er brotne eller skakke og skeive, målinga skallar av, og borte i ein krok — der det elles er parkeringsforbod for vanlege trafikantar — står tome oljefat, gamle, avlagte brakker eller anna defekt materiell. Ikkje særleg god PR for vegvesenet, vil vi påstå, og eit dårleg føredøme om vi skal ta på oss å passe på andre.

Ferjekaiane er elles ikkje einaste staden publikum kan registrere at vi i vegvesenet ikkje alltid er særleg flinke til å rydde opp etter oss. Overalt finst døme på arbeidsplassar, ferdige anlegg eller lagerplassar som byr på eit lite vakkert syn for den som fer forbi. Lagerplassane står i eit einaste rot, med nytt utstyr og gamalt om kvarandre, med tomgods og nedrusta utstyr, og med brakker som «ingen» veit av.

Einskilde stader ser ein det same til og med når anlegg er avslutta. Ikkje berre er det påtakeleg skilnad å sjå i ferdiggjeringa på dei ulike anlegga, men der lite er gjort for å bøte på

skadene i terrenget, finn ein gjerne og attlate rot og boss som vert liggjande i det uendelege. Slikt gjev for det første vegvesenet dårleg ry, dessutan høver det dårleg at vi samstundes set oss sjølv til å vakte andre.

På fleire arbeidsplassar kan ein sjå det same. Også her vil det gje eit godt inntrykk om arbeidsplassen ser rydda og oversiktleg ut, men endå viktigare er det at orden i sakene vil gjere arbeidsplassen tryggare. Rot og slendrian kan føre til skader og generelt dårlegare arbeidstilhøve og dårlegare effektivitet. Kven vil ha det sitjande på seg?

Sommar og ferie fører med seg stor trafikk på vegane våre. Turistar kjem fra fjern og nær, og mange er svært opptekne av det dei ser rundt seg. Dei er opptekne av vegane, smale eiler breie, og av omgivnadene rundt vegane. Gamalt skrot gjev ikkje noko godt inntrykk.

Vi oppmodar med dette både anleggs- og vedlikehaldsfolk om å nytte sommaren til å sjå litt ikring seg, og finne ut om det ikkje er mogleg å presentere vegar, ferjekaiar og anna på ein betre måte for alle som ferdest langsetter vegane i turistsesongen. Slikt gjer oss til gode ambassadørar for «vesenet» vårt, og velvilje frå publikum treng vi stadig. Nytt og nyt sommaren vel!

GOD SOMMAR!

VEGSJEFEN HAR ORDET



— Lat oss gjere det endå betre!

Hovudmålsettinga vår vil alltid vere å gjere tilhøva betre for publikum

I 1980 vedtok Regjeringa å setja igang ein produktivitetskampanje på landsbasis. I vegvesenet valde vi å sjå kampanjen i samanheng med vårt langsiktige arbeid for auka produktivitet og effektivitet. Likevel har vi alt registrert mange positive utslag pga. dette tiltaket, og eg føler meg overtydd om at vi dei næraste åra kan registrere nye, positive produktivits- og effektiviserings tiltak i vår etat. Men desse tiltaka er i seg sjølv ikkje noko mål. Riktignok vil auka effektivitet og produktivitet gje auka velvære hjå oss alle, og det kan på nytt føra til auka prestasjonar. Men kva er målet? Mange vil kanskje seia at det får vere måte på å spørje dumt. Målet er sjølvsagt å gje best mogleg service til dei som skal ta førerprøve, dei som skal registrere eller fa kontrollert ein bil, dei som ferdest på vegane vare, dei som bur langs vegane. Alt vårt arbeid skal vere retta mot målet, det er vi alle samde om. Det er likevel riktig stadig å minne oss sjølv om hovudmålsettinga i alt vårt arbeid.

Det var difor naturleg at det i fjor blei sett i gang ein ny kampanje. Aksjon publikum, som skal ga over tre år. Som kjent skal aksjonen rettast mot dei tre målområda: Betre publikumsbehandling, betre informasjon og raskare og betre saksbehandling. På dei fleste av desse målområda vil det vere mogleg å male forbetringa som blir gjort.

Janne Carlzon i SAS framhevar konkurransen som sunt for auka produktivitet og effektivitet og betre publikumsbehandling. Han hevdar og at monopolbedrifter som t.d. vegvesenet ikkje har eit slikt incitament og difor kanskje ikkje kan nå så langt. Men lat oss vise at vi i alle fall kan konkurrere med oss sjølv, vise at vi for kvar veke og månad som går gjer det betre enn veka og månaden som gjekk. Lat oss vise at vi kan nå måla som vert sett oss. Lat oss vise at vi kan utarbeide nye handlingsplanar og gjennomføre dei.

Vi veit sjølv at vi er ein effektiv etat, men vi veit også at nesten alt vi gjer kan gjerast enda betre. La publikum fa merke dei forbetringane vi gjer, og la det gå sport i det!

Josef Martinsen

Ny medisin til «vond tå»

Målet er å få sakshandsamingstida ned til 6 veker innan neste år

Arbeidsområdet for behandling av søknad om avkjørsler/dispensasjonar har vore «ei vond tå» for vegkontoret i lang tid, i høve til både publikum og politiske organ. Det har vore arbeidd mykje med å betra tilhøva, men den store og stadig aukande saksmengda — 1315 saker i 1983 — har ført til ei uakseptabelt lang saksbehandlingstid, som til tider i snitt har lege på mellom 4 og 6 månader.

Årsaka til dei kritikkverdige forholda er mange, og ein del ligg utanfor vegkontorets arbeidsområde, men det er klårt at vi ved vegkontoret ikkje i tilstrekkeleg grad har makta å organisera eller prioritera dette arbeidet godt nok i høve til dei disponible ressursane og til behovet.

Mange forsøk på å betre tilhøva

Problemet er blitt tatt opp til drøfting på leiarplass fleire gonger det siste ti-året, sist i full breidd på leiarmøtet 28. juni 1982.

Etter at eit opplegg utarbeidd i 1982 ikkje førte fram, blei det oppnemnt eit utval på vedlikehaldsavdelinga med medlemmer frå leiinga og dei aktuelle organisasjonane, og med rasjonaliseringsingeniør G. Erstad som sekretær. Utvalet som fekk frist til 19. august 1983, skulle sjå på gjeldande saksgang og rutinar og utarbeide alternative forslag til forenkling og effektivisering av saksbehandlinga. Malsettinga

var å komme fram til ei maksimal saksbehandlingstid på 6 veker innan 1 år. Bruk av EDB i saksbehandlinga skulle vurderast.

22. august blei saka drøfta i leiarmøtet, og dei blei vedteke å lysa ut ei mellombels merkantil stilling i staden for ei teknisk stilling. Denne saksbehandlaren skulle i første rekkje arbeida med klare «ja»- eller «nei»-saker som skulle få ein enklare saksgang.

Utvalet blei ikkje samd om ei eller fleire løysingar på problemet og hadde i liten grad sett på bruk av EDB som hjelpemiddel. Utvalet var imidlertid positivt innstilt til bruk av EDB.

Nytt opplegg frå januar

Ut frå diskusjonen på leiarmøtet blei driftssjef/adm. sjef samde om å utarbeida forslag til organisering av arbeidsområdet på fritt grunnlag og etter innhenting av røynsler frå andre vegkontor som hadde ei tilfredsstillande saksbehandlingstid. Rasi ng. G Erstad



AV DRIFTSSJEF
JANN B. JENSEN

gjekk seinare inn i gruppa som sekretær.

Etter svært nyttige samtalar med kollegaer ved Oppland og Troms vegkontor — vi er svært takksame for den velviljen vi møtte her — la gruppa forslaget fram for dei tilsette og organisasjonane i to høyringsmøte 9. og 30. november 1983. Saka blei drøfta på leiarmøtet 5. desember, og forhandlingsmøte med organisasjonane den 14. desember førte til semje om det framlagte forslaget med mindre justeringar. Dei vedtekte tiltaka blei sett i verk frå 15. januar 1984.

6 vekers behandlingstid og EDB

Det nye organisasjonsopplegget har som hovudmål at førstebehandlingstida for søknad om avkjørsle snarast skal bringast ned til 6 veker. Det er grunn til å tru at dette målet kan bli nådd i 1985.

I ein overgangsfase vil arkivering og delvis skivinga skje manuelt, men nar vegkontoret får ny miniskin, vil EDB bli nytta i størst mogleg grad. Dette vil truleg skje til hausten. Det tidlegare sekretariatet er oppløyst, i overgangstiasen vil ei merkantil stilling vera naudsynt til arkivering, skiving og oppfølging, denne stillinga vil ga over til arkivet nar bruk av EDB er gjennomført fullt ut. ➔

► Talet på saksbehandlarar er auka frå 3 til 4, 1 merkantil og 3 tekniske stillingar. Den merkantile saksbehandlaren skal gradvis få full saksbehandlarstatus.

Etter at søknadene er behandla av oppsynet, vil den ikkje gå til planavdelinga som tidlegare, men saksbehandlaren vil syte for at den naudsynte prosessen blir gjennomført ved kontakt med planavdelinga.

Alle saker vil frå no av bli drøfta i ei nemnd som har møte kvar fredag. Vedlikehaldssjefen deltar saman med saksbehandlarane.


Betre samarbeid med kommunane

I tida framover vil oppfølginga i marka bli tillagt større vekt, og det vil bli arbeidd vidare med rammeplanar for behandling av avkjørslespørsmål. I dette arbeidet vil vi søkja nærare kontakt med kommunane for å få enklare og meir samordna rutinar for behandling av slike søknader.

Graveløyver skal no distriksleinga og oppsynet ta seg av i samarbeid med stabsseksjon og framtidig dekkeseksjon.

Avdeling Lars Juvik er tilsett som leiar av arbeidsområdet «Behandling av avkjørsler og dispensasjonar fra byggjeregulerer». Arbeidsområdet ligg framleis innanfor Vegbruksseksjonen som førebels blir leidd av vedlikehaldssjefen

Det er lett a skjønna at ein del tykkjer vi har brukt lang tid på a fa fart på dette feltet som har så mykje a seie for publikum og for vegkontoret utad. Eg trur likevel at det på lengre sikt vil betala seg a ta så grundig til verks som vi no har gjort. Eg er viss på at resultatane vil visa seg snøvt og ikkje minst det vil bli mindre bruk for «skip-pertak»



STREIK

Frå og med torsdag 24. mai gjekk alle medlemar av NIF, NITO og AF ved vegkontoret ut i streik. Det same galdt ingeniørane ved biltilsynet.

Som kjend vart ikkje streiken langvarig. Allereide før punktstreiken vart trappa opp, gjekk kommunalministeren inn med tvungen voldgift, og onsdag 30. mai var alle partar attende på jobb.

For dei som vart råka av streiken som tredjemann var sjølv sagt dette det beste, men organisasjonane uttrykte vonbrot over denne løysinga. I skrivande stund star det ennå att a sjå kva resultatet vil bli i kroner og øre for oss statstilsette.

Streiken medførte sjølv-

Streik, og ingen tenester a hente fra ingeniørane ved vegkontoret. Eirik Vedeler Lie, med ryggen til Malvin Holsen, Lars Kr Alsaker og Arne Devik ser til at all går rett føre seg

(FOTO) I. TOLLAND

sagt rolege dagar for mange av dei som var att ved vegkontoret, og ei underleg stemning vert det i slike situasjonar — det er lang tid sidan tilsette i vegvesenet sist var i streik. Bileta syner litt av situasjonen ved vegkontoret.

Det treng ikkje vere direkte ubehageleg a streike heller. Campingvogna fungerer som «streikekontor» og i sola utanfor sit fra venstre Trond Karlson, Per Fredriksen Svein Utkilen og Nils Rosnes. På tjerde streikedagen vanka dei til og med blomst fra ein «sympatisøst» før Veg i Vest vite

(FOTO) I. TOLLAND





Stadig flere trafikkulykker i Hordaland

10 prosent flere ulykker i 1983 enn året før. Bergen sentrum er problemområde nummer en.

Antallet trafikkulykker økte i Hordaland i 1983. Ulykkestallet økte sterkere enn den tilsvarende økningen i trafikktilveksten, og økningen er særlig konsentrert om Bergens-området. For fylket totalt sett er økningen på 10 prosent i forhold til året før, mens prosenttallet er noe større for Bergen.

5 av 8 ulykker skjer i Bergen. Tallet øker jevnt for alle vegtyper, og det gjelder alle typer ulykker, bortsett fra ulykker der fotgjengere er innblandet. Fotgjengerulykkene gikk faktisk aldri så lite ned i 1983, forteller Lars Kr. Alsaker og Eddie Westad fra trafikkseksjonen ved planavdelingen til «Veg i Vest». Om dette er en tendens til en utvikling i riktig retning vil vi først kunne gi sikkert svar på om et år eller to, men den jevne stigningen vi

Bergen sentrum er problemområde nummer en...

(FOTO V. ARNESEN)

har hatt er i alle fall brutt, peker de to på.

«Tøffere» kjøring

Helt klart er det i alle fall at det totale ulykkestallet er på vei oppover, og de to har også visse meninger om hva årsaken til dette er. Ifølge de opplysninger vi får fra politiet ser vi en tendens til høyere hastigheter og «tøffere» kjøring overalt. Vegvesenet har også selv radarer ute for å måle bl.a. hastigheter, og disse målingene forteller det samme. Hastigheten er svært høy, ja, til dels ekstrem. Ekstreme hastigheter har vi sett eksempler på før også, peker Alsaker og Westad på — men det har oftest vært om natten. Det som er spesielt nå er veldig høye hastigheter også på dagtid, og gjerne i boligområder.

Politiets tar stadig flere i ra, darkontroller, og selv i Bergen sentrum kjøres det nå fortere enn før.

Alsaker og Westad er ikke særlig i tvil — Det er en klar

► sammenheng mellom høy fart og ulykker. Generelt har vi en tommelfingerregel som sier at 10 prosents økning i farten gir 30 prosent økning i personskadeulykker. Det kan være grunn til å merke seg det.

Varsko for Bergens-gatene

— Men, påpeker de to, — noe av problemet i Bergen sentrum er nettopp at det fortsatt er mulig å kjøre så fort. De mener at når det etter hvert blir etablert omkjøringsveger (Fløyfjellstunnelen o.l.), må det drastiske tiltak til for at ikke ulykkene i Bergen skal øke enda mer. Da vil nemlig kapasiteten bli bedre også på de «gamle» vegene, og det blir mulig å kjøre fortere.

Men hvis vi vil, kan vi gjøre mye med ulykkene i Bergen sentrum, slår Alsaker og Westad fast. — Det vil nemlig ikke koste så mye, men det er et spørsmål om vilje, både på vegkontoret, på grasrotplanet og hos politikerne.

Skal vi få til miljøforbedring i sentrum, avlastning av gatene og forbedre ulykkesituasjonen, er det nødvendig å gjøre noe i tillegg til å bygge nye omkjøringsveger. Disse vil selvsagt gi reduksjon i trafikken i sentrumsgatene, men forholdene er svært dårlige fra før, og vi tror at lettere forhold på de gamle vegene fører til at flere vil benytte seg av dem

også. Noe må altså gjøres, og helst i god tid før det nye vegsystemet blir tatt i bruk, slår Alsaker og Westad fast.

Farten må ned

— Hva kan gjøres, og hva vil gi den ønskede effekten?

— Hvis vi kunne få ned farten inn mot kryssene, ville vi oppnå mye. Opphøyde gangfelt gir for eksempel en suveren effekt. Flere byer har prøvd dette med forbløffende utslag i ulykkesstatistikken.

Ellers kan vi vise til Odda, der vi gjorde en av sentrumsgatene bilfri. Resultatet var at ulykkene i Odda sentrum ble sterkt redusert. Argumentene fra handelsstanden flere steder om at de bare kan overleve ved å få flere parkeringsplasser, så nær som mulig, holder ikke. I Odda økte omsetningen for forretningene i det bilfrie området, og ingen utenom området hadde nedgang i omsetningen etterpå. Dessuten syntes både fotgjengere, syklistene og kjørende at sentrumsbutikkene ble lettere tilgjengelige etter reguleringen, forteller Alsaker. De viser også til Stavanger, der det er *handelsstanden* som stadig presser på for å få større deler av sentrum omgjort til gågater. I dag er så å si hele sentrum bilfritt der.

Løsningen for å redusere ulykkene i Bergen sentrum er etter deres mening å bruke fysiske tiltak for å få farten ned inn mot kryssene. I tillegg til


opp høyde gangfelt må det bredere fortau til flere steder, og bredere refuger slik at det blir lettere for fotgjengerne å komme seg over gaten. Det vil og medføre at en del gateløp innsnevres noe. — Ja, faktisk ligger et av problemene i Bergen, både for fotgjengere og bilister, i det at gatene er for brede, hevder Alsaker og Westad. — De oppmuntrer til for stor fart. Og som sagt, får vi farten ned, så går ulykkene ned.

Nesttun kan bli bedre

— Hvordan er forholdene i andre deler av Bergen?

— Nesttun sentrum er noe av det verste vi har. Der skjer det gjennomsnittlig 9 ulykker pr. år. Nesttun er vel et eksempel på hvordan tingene *ikke* bør gjøres — det er umulig å blande forretningsgater med stor fotgjengertrafikk og gjennomfartsårer med stor biltrafikk. Her kan vi ikke få ulykkene ned uten å gjøre noe drastisk, hevder Alsaker. — Trafikkseksjonen ser svært positivt på forslaget som ble lan-

Opphøyde gangfelt er fremdeles nokså nytt her i fylket, men på Skjold i Bergen er dette tatt i bruk. Gangfeltene ligger ikke så langt fra hverandre, det ene, som en ser, ved avkjørsel for matsenter og start på gang/sykkelveg, det andre ikke så langt fra skole.
(FOTO E. GRØNSDAL)




Tegningen viser tydelig hvor
 fotgjengerulykkene skjer —
 utenfor og mellom to klart opp-
 merkede gangfelt. Illustrasjonen
 er hentet fra Minde, Bergen.
 (ILL. KARIN DAVANGER)

sert i Bergens Tidende, der bl.a. den østre delen av vegen ble foreslått stengt og bare benyttet som handle-/gågate. Denne løsningen vil gi god avkastning i form av kraftig reduksjon i ulykkene, miljøforbedring og økt trygghetsfølelse for alle trafikanter. Dette er et eksempel på hvordan en kan få stor gevinst på kort sikt. Løsningen vil heller ikke skape noen konflikt med det fremtidige trafikksystemet. På denne måten tror vi det kan bli trivelig å handle på Nesttun igjen, sier Alsaker og Westad, som understreker at til dette trenger en midler og et utstrakt samarbeid med sentrumsforeringen på Nesttun og Bergen kommune.

— Andre spesielle problemområder?

— Ja, fremdeles skjer det ulykker i Loddefjord og i Michael Krohns gate, Carl Kohns gate og Kringsjøvegen likeså. I Kringsjøvegen er det nå satt opp trafikkllys flere steder, og forhåpentligvis vil dette hjelpe. Et annet utsatt sted er krysset Lyderhornsveg/Gravdalsvegen på Ytre Laksevåg. Her finnes både gangbro og undergang i nærheten, men de blir åpenbart ikke brukt. Dette er et av bevisene på at vi må vite at brukerprosenten vil bli høy før vi anlegger en gangbro.

Alsaker og Westad peker også på at Øyjordskrysset har vært så å si uten ulykker i 1983, i motsetning til tidligere. Dette skjer altså tross i anleggsvirkosomhet og ofte lite oversiktlige forhold, men skyldes mest sannsynlig lavere fart og større oppmerksomhet fra bilistenes side.



Laber respekt for gangfelt

— Dere er ikke lenger så villige til å legge gangfelt?

— Det viser seg mer og mer at respekten for gangfelt er laber, slik at effekten av et gangfelt er mindre enn før. Derfor har en også tatt i bruk opphøyde gangfelt, som forsterker effekten og har vist seg svært hensiktsmessige. Undersøkelser har dessuten vist at hvis bare 10 prosent går utenom et gangfelt i en sone på 100 m (på hver side), vil sikkerheten på strekningen totalt være betraktelig redusert, forteller Alsaker og Westad. — For dem som krysser gaten utenom gangfeltet vil sikkerheten faktisk være halvert i forhold til tidligere. Enda sterkere utslag vil dette gi ved signalregulerte gangfelt.

«Black spots» sikres

— Har vi spesielle tiltak i 1984 som kan gi håp om bedre trafikkulykkesstatistikk?

— Vi har blant annet fire prosjekter som omfatter fire svært ulykkesbelastede steder. Det gjelder to såkalte black spots, det ene i krysset Hagepupsvei/Natlandsveien, det andre i krysset Peter Motzfeldts gate/Kaigaten, som begge skal lysreguleres. Videre skal to spesielt ulykkesbe-

lastede kryss utbedres, det gjelder Rådalskrysset og Hesthaugenkrysset i Åsane.

Ellers blir få nye prosjekter satt i gang i år, men flere større gjøres ferdig. Det gjelder bl.a. trafikksikringen i Rosendal sentrum, gang- og sykkelveg fra Nyborg til Vågsbotn, to gang- og sykkelvegprosjekt på Voss, og gang- og sykkelveger mellom Haukeland og Lone og mellom Straume bro og Søreide. Samtidig må vi peke på at nye veganlegg, som f.eks. Nordre innfartsåre, med trafikkseparering og egne gangveger, alltid vil gi trafikk-sikkerhetsgevinst.

— Spesielle problemer i trafikk-sikkerhetsarbeidet nå?

— Vi har planer klare for flere prosjekter, men for lite midler, slik at vi må være svært nøye med bare å bruke penger på prosjekter som har dokumentert effekt. Dessverre må vi også skyve ut i tid ferdig planlagte prosjekter, som f.eks. Finnebrekka i Os og trafikk-sikring av Valen sentrum, som var lovet i 1984. Manglende midler er årsaken. Men, som nevnt, 65 prosent av ulykkene skjer i Bergen sentrum — for det meste kryssulykker. Dette er vårt største problem i dag, og her er det vanskeligst å få gjort noe.

Røa



Trude Fonn, Roald Østerbøe og Jan Trygve Totland har samarbeidet med Roald Sletten (som var i streik da bildet vart teke) stutt for utviklinga av folieseparasjonsmetoden

FOTO: I. HAUKELAND

Planavdelinga går nye vegar:

Målet er betre planar og betre presentasjon av planane

På planavdelinga ved vegkontoret er dei etter kvart blitt flinke til å gå nye vegar i presentasjonen av planane sine. Her er det ikkje lenger berre snakk om å teikne kart, eller eventuelt lage bro-

syrer med informasjon til publikum. Nei, no er det vi i dag kallar visuelle verkemiddel teke i bruk og bryt nye vegar, i dobbel forstand, når det gjeld planlegging og presentasjon av planar.

Til intern bruk er det folieseparasjon som representerer det nye, medan flyfotografering og video er med på å gjere planane våre lettare forstålege for publikum.

Her skal vi ta for oss desse tre verkemidla og sjå litt på kva føremøner dei inneber, anten det no gjeld oss sjølv eller andre.

Folie-separasjon

Hordaland vegkontor er eit av føregangsfylka når det gjeld sokalla folieseparasjon, og vi er om kort tid i stand til å tilby alle vegkontora ei «pakkeløy-

sing» for framstillinga av detaljplanar.

— Det heile tok til med Straumevegen i Bergen for 3—4 år sidan, fortel Roar Østerbø, som saman med Trude Fonn, Roald Sletten og Jan Trygve Totland har utarbeidd opplegget. — I detaljplanane for Straumevegen var det så kolossalt mange opplysningar på kartet at sjølv dei som arbeidde med planane hadde vanskar med å skilje dei ulike emna i planen.

Vi måtte finne fram til ei betre form, eller betre og meir oversiktlege planar. Dette førte fram til arbeidet med folieseparasjon.

Inndeling etter tema

Utgangspunktet er at ein nytter vegvesenets eiga kartinndeling og samstundes den inndelinga i fleire ulike tema som er nytta i Vegdirektoratet sine retningslinjer for detaljplanar. Ut frå denne inndelinga vart det laga ein samkopinøkkel. Denne inneheld temagrupper som dei fleste datatyper vil høyre inn under. Samkopinøkkel kan og utvidast. Det heile er dessutan lagt til rettes for automatisk teikning.

— Folieseparasjon er ikkje noko vi går i gang med ved alle detaljplanar. Det er i første rekkje der planane inneheld mykje detaljar, som i tettstader og byar, at dette er svært nyttig.

Betre oversikt

— Kva er fordelene med folieseparasjon?

— Folieseparasjon gjev betre detaljering av planen utan at det går ut over oversikta. Vidare er det lettare å revidere planen, dei ulike teikningane er lettare å lese og meir oversiktlege ettersom dei er «sortert» for *eitt* tema om gangen. Ved folieseparasjon nyttar ein det sokalla «8-hullsystemet» i

kopieringen. Dette gjev meir nøyaktige resultat enn den vanlege lyskopieringen, som alltid vil gje små forskyvningar i høve til originalen.

Systemet kan dessutan nyttast utan at ein må skaffe nytt, kostbart utstyr. Det vert nytta vakuumramme, og det har dei fleste vegkontor no.


Fordel i anleggsdrifta

— Det nye systemet inneber ein stor fordel for dei som driv veganlegg, så seier dei i alle høve sjølv, fortel Østerbø og Totland. — Detaljplanen er faktisk nesten like så god som ein

— Vår røynsle er at dette har vorte godt motteke ute i anleggsdrifta, på dei stadene det har vore nytta. Likevel er systemet framleis nytt og ikkje teke i bruk av alle planleggjarane enno. Det må opplæring til internt først.

Felles system for vegkontora

— Vi var svært usikre på om vi hadde funne på noko som var «brukandes», om dette hadde noko for seg, fortel Østerbø og Jan Trygve Totland. — Vi hadde behov for ei objektiv vurdering av arbeidet



byggjeplan. Her fortel t.d. ein folie kor skilta skal plasserast og kva for skilt. Så veit ein det straks og kan bestille dei i god tid. På ein folie er alle inntak og utløp av stikkrenner nummerert, lengder og diameter er oppgjeve, slik at arbeidet i anleggsfasen vert mykje enklare. Ein leidningsfolie syner kva for ledningar og kablar som finst i grunnen frå før, og kva som skal plasserast der. Vidare finst det t.d. egne folieark for lys-signal eller for veglys, for miljøtiltak osv. Sjå prinsippskissa for folieseparasjon over.

vårt og vende oss til Vegdirektoratet, der vi møtte stor interesse og vart oppmuntra til å halde fram med arbeidet. Vegdirektoratet er no interessert i å bruke vårt opplegg for folieseparasjon som felles system for alle vegkontora, og vi har fått pengar til å trykke heftet vårt opp, slik at det kan sendast ut til alle vegkontora.

Elles viser dei to til at framgangsmåten no er nemnd i den siste «Retningslinjer for detaljplanlegging» fra Vegdirektoratet.

Nyhendet om denne måten a

lage detaljplanar på har allerede spreidd seg til andre vegkontor. I mai var teiknarar og teikneleiarar frå Rogaland og Sogn og Fjordane på vitjing for å sjå på og lære litt om folieseparasjon.

Enklare samarbeid med etatane

Ein av fordelane ved folieseparasjonssystemet ligger i at vi no kan få betre og meir utfyllande opplysningar frå andre etatar om leidningsnett o.a. Grunnkart og folie kan sendast til etatane, som teiknar inn sine opplysningar, og alt kjem attende, klart til samkopiering.

Når ein kan ta automatisk teikning i bruk, vil det også vere mogleg å overføre data frå den eine offentlege etaten til den andre, slik at det er større sjanse enn før for alltid å ha ajourførte data.

— Dette tyder altså at dersom ein veg vert bygd etter planen, sit vi med heilt nøyaktige kart, peikar Østerbø på. — Må det endringar til, så vert det målt inn og endra på folien. Etterpå har vi fullstendig oversikt over *alle* detaljar og kan levere dette komplett vidare til vedlikehaldet.

Effektivt og arbeidssparande

— Etter var meining er dette effektivisering både av planlegging og av vegbygging, framheld Østerbø og Totland.

— Det vert kravd meir av teiknarane og kan i starten bety meir arbeid. Men det er morsamt arbeid, det gir betre resultat og er difor meir tilfredsstillande. Ute på anlegga vil det og vere arbeidssparande, og vi sparar tid på å få andre etatar til sjølv å teikne inn sine opplysningar. Systemet er elles ikkje nytt i seg sjølv, men i vegvesenssamarbeidet er det nytt. Nokre konsulentfirma har

teke det i bruk allereide, og m.a. Nordre innfartsåre er teikna etter dette systemet, fortel Østerbø. Andre konsulentfirma har synt for interesse for det.

Med andre ord — om ikkje

dagane er talde for tverrprofillet, så rår det i alle høve ikkje lenger grunnen åleine. Når ein tek omsyn til dei fordelane folieseparasjonen fører med seg, må ein vel sjå dette som ei gunstig utvikling?

Flyfotografering

Det siste året har Vegkontoret fått festa store delar av vegnettet som er i planfasen på flyfotos. Fly og fotograf har vore leigd inn, medan nokre av dei tilsette på planavdelinga har vore med og fått freiste om dei har høgdeskrekk eller ikkje. Etter kvart er vi i alle høve kome godt i gang med å byggje opp eit flyfotoarkiv som særleg er til nyttes i plansamheng, men og i andre høve, som vi kjem attende til.

— Utgangspunktet vårt er egentleg følgjande: Er folk usikre, så seier dei *nei*.

Vi får mykje protestar, og handsaminga av desse tek mykje tid. Gjer vi litt ekstra for å få folk til å forstå, la dei få visse for kva saka eigentleg gjeld, så kan vi sjølv spare mykje tid og krefter på det, meiner Erling Grønsdal, som er ein av dei som har teke del i arbeidet med flyfotograferinga.

Teiknar planane på bileta

Med flyfotos har vi m.a. høve til å «pynte» på terrenget ved å leggje vegtraséen inn der han etter planen skal gå. Folk får sjå huset eller garden sin i høve til vegen og kan lettare uttale seg om planen. Flyfotos vart m.a. nytta på Nordstøldals vegen mellom Rogaland og Hordaland. Denne vegen skal gå gjennom strok der det enna ikkje finst veg, og flyfotos av dalen var ei praktisk løysing for å få oversyn over tilhøva i området med omsyn til terreng, gardar, dyrka mark o.a.

God informasjon

Også andre stader har bilete tekne frå fly vore nytta i informasjon til publikum. Då syner ein først — som lysbilete — området slik det er i dag. Deretter vert planane vist, og til slutt ein kombinasjon av desse, med planane innteikna i biletet. Det vert fortald at då ein nytta dette opplegget på eit informasjonsmøte i Eikangervåg i Nordhordland, vart det reine underhaldningskvelden. Ein-skilde sat over tre framsyningar, vert det sagt, og dei hadde visstnok stor moro av vegvesenet sin informasjonskveld.

I utgangspunktet kan det høyrest dyrt å drive med flyfotografering, medgjev Erling Grønsdal. Ein time kjem på 2000 kroner, inkludert fly, fotograf og film. — Men vi kjem langt på ein time, peikar Grønsdal på, og vil gjerne ha med at om vi reknar om i «meter veg», så kjem det jamnt rekna på 20—30 øre pr. meter.

— Men det krev grundig planlegging på førehand, slik at vi kan få mest mogleg nytte av kvar time, streker han under.

Ei rekkje bruksområde

Og bruksomrada er mange, har det vist seg.

For anleggsavdelinga er bileta eigna til å finne eit brukbart riggområde, til bruk ved driftsplanlegging, for å finne det beste angrepspunktet for eit anlegg eller leite fram ein eigna stad for massedepot



Før og etter. Bileta er eit døme på korleis flyfotos kan nyttast i planlegginga. Biletet over syner vegen slik han går i dag, det andre korleis utbetra veg og ny gangveg er plassert i terrenget.

(FOTO S. DØSVIK)



► Grunnseksjonen kan nytte flyfotos til å vurdere bonitet eller sjå på eigedomsgrenser, og geoteknisk seksjon kan nytte dei som tilleggsinformasjon til vertikalfotos.

For planavdelinga er nytteverdien kan hende enda større. På hovudplanstadiet er flyfotos ofte brukt, eventuelt til drøfting av ulike alternativ. Med slike fotos kan ein vidare ha hjelp når ein skal vurdere konse-

kvensar, når planar skal presenterast eller drøftast med folk som er råka av dei, men er lite vane med å lese kart. Til presentasjon av gatebruksplan, køyremønster, skilting, nye parkeringstilhøve o.a. kan og flyfotos vere til nytte, og sjølv sagt til alle typer trykt presentasjon av planar eller anna vi gar ut med til publikum.

Som sagt, her skulle vi ha høve til litt av kvart.

Video

Siste nytt på planleggingsområdet er video.

Førebels ligg bruken av video på forsøksstadiet, men etter det ein kan sjå i dag, kan dette mediet utvikle seg til å bli eit av dei mest effektive for vegvesenet, både når det gjeld presentasjon av planar for publikum, og når det gjeld planleggingsarbeid.

Bruken av video tok til for nokre år sidan innan vegvesenet. Da fekk Vegdirektoratet filma alle riksvegstrekingar i alle fylka. — Det synte seg raskt at desse opptaka fort vart for gamle, dessutan hadde vi behov for opptak av fylkesvegane og. Det har og synt seg at vi ønskjer eit litt anna perspektiv på opptaka enn det vi hadde frå før, fortel Erling Grønsdal, som er ein av dei som no er med på å utvikle bruken av video på vegkontoret.

Folk skjønner bilete, ikkje kart

— Det har no gjennom nokre år vore vanleg at planavdelinga arrangerer folke- eller informasjonsmøte når dei legg fram ein vegplan til offentleg ettersyn. På desse møta har vi fått røynsle for at det er bileta folk forstår. Kart er det sleit ikkje så lett å lese for alle, men på bileta kjenner dei seg sjølv sagt att. Da er dei i stand til å gje oss noko att og. Dei ser tre, naust og bekk eller gjerde, og dei kan føye til opplysningar som vegvesenet ikkje har kjennskap til, når dei først kan setje seg inn i kva planar vi har.

Her kan video vere eit ideelt utstyr å nytte. Den kan køyrast framover langsmed vegen, eller attende, og vi kan stoppe den for å sjå på ein detalj, per- ►
kar Grønsdal på Ved vegkon-



Erling Grønsdal syner fram det nye video-opptaksutstyret.
(FOTO I HAUKELAND)

Bruken av utstyret er heller ikkje særlig dyr. Ein kassett kostar 2—300 kroner. Den gjev plass til 3 timars opptak og kan sjølvstøtt brukast opp att.

Vellukka forsøk i Sveio

Det er spesielt når det er planar om utbetring av ei vegstrekning — som det oftast er med dei midlane vi no har til rådvelde — at video-utstyret er til stor nytte.

Erling Grønsdal og Roald Sletten har gjort eit forsøk ved planlegging av vegutbetringar i Sveio — Første punkt var å ta strekninga opp på video og så gå over kartet og merkje av alt som ikkje stemde der. Video-tapen vart altså nytta som grunnlag for planlegginga, og dei endringane som var naudsynte i høve til det ein såg i terrenget, vart ført på planen.

Neste punkt var så stikking i marken og deretter utarbeiding av tverrprofil.

Informasjonen når fram

— Då vi var komne så langt, vart det arrangert informasjonsmøte. På veg til møtet gjorde vi nye video-opptak, som dekte plan-inngrepet betre, og desse viste vi direkte på møtet. Her kunne vi vise med bilete, parallelt med kartet, kor vegen skulle gå, kva for inngrep som vart naudsynlege hos kven. Det viste seg, som venta, at mange ikkje hadde særleg føresetnad for å følgje med i det som vart vist på kartet, men då dei såg «sin sving» på TV-skjermen, vakna dei og kunne ta del i diskusjonen. Dermed var vi òg prov på at informasjonen var nær fram. Det kan gjere arbeidet lettare for vegvesenet i ein seinare omgang.

Betre tilbud til publikum

Denne bruken av video er kan hende mest retta mot publikum og tyder i alle høve eit framsteg i form av enklare og lettare tilgjengeleg informasjon til dei som ikkje driv med vegplanar til daglig. Video har òg vore nytta når det gjeld å studere køyremønster, t.d. i dei nye rundkøyringane i Bergen, før og etter at dei vart opparbeidd. Elles peikar Grønsdal på at dei video-opptaka som no vart gjort langs riks- eller fylkesvegar kan komme til nyttes t.d. i avkjørselssaker, og som hjelpemiddel til opplæring og instruksjon skulle det eigne seg godt. M.a. vert det for tida sysla så smått med planar om ein instruksjonsfilm som syner korleis ein skal køyre i rundkøyringar. Behovet for opplæring er framleis stort, syner det seg, og ein slik videokassett kan nyttast i mange samanhenger, t.d. på køyreskoler, i bilorganisasjonar o.l. Tida vil vise om det let seg gjennomføre.

Ikke minst med tanke på vår evne og vilje til å na fram til publikum, trur vi at planavdelinga er på rett veg her. Vi er avhengige av eit godt tilhøve til publikum — det vil gjere arbeidsdagen vår lettare — og publikum er ikkje minst avhengige av oss og den informasjonen vi har å gje dei. Vi i vegvesenet har ikkje alltid vore like flinke til å formidle tankane og planane våre til andre, men vi trur at denne nye bruken av visuelle verkemiddel kan vere til god hjelp for alle partar.

Røa

Redaktøren vil elles peike på at plansjefen burde hatt plass til ein kommentar til denne saka. Av di stoffet vart skrivne under streiken, let ikkje dette seg gjere. Ògså Roald Sletten var i streik, og er difor ikkje med på bileta

Red

► toret er det no kjøpt inn video-opptakar, ein transporterbar farge-TV og video-avspelar, spesielt med tanke på framsyning for publikum.

Video til planlegging og synfaring

— Ved å nytte video-opptak kan vi faktisk gjere unna både synfaringa og planlegginga nesten samstundes, fortel Grønsdal. — Vi kan dessutan få med detaljar som ikkje viser på kartet, karta er i mange høve av gamal dato og manglar avkjørsler og andre endringar i området. Unøyaktige kan dei vere ògså når det gjeld «faste» ting. Alt dette kan ein få avdekka i ein ein-gong om ein tek video til hjelp.

Økonomi

— Med andre ord er det mogleg å spare reiseutgifter på dette, av di det ikkje vert naudsynt med så mange synfaringar meiner Grønsdal. — Alt vert festa til «tapen» med ein gong, og der har ein det og kan køyre det så ofte ein vil og så fort ein vil og få med alle detaljar.

AKSJON KJØRELYS

**Hordaland nå
9. plass**

Meir lysbruk må til om vi skal lukkast i å redusere ulykkestala i fylket

Hugsar du å slå på lysbrytaren kvar gong du skal ut og køyre?

Ikkje det?

Din innsats må nok også til om Hordaland fylke skal komme seg høgare opp i konkurransen med dei andre fylka om best lysbruk. Førebels låg vi på ein 9. plass i mai-tellinga, og vi ligg på ein 9. plass i gjennomsnitt etter april og mai, men det må kunne gjerast betre. Vi bur jo i eit fylke der vi stadig må slå lysa på for å køyre gjennom tunnelar, så kvi-for ikkje berre la det stå på? Verre er det ikkje. Bli sett, så køyrer du tryggare og gjer trafikkbiletet tryggare for andre.

Landsoversikta ser no slik ut etter to omganger:

	Poeng
Troms	124.6
Nordland	121.0
Sør-Trøndelag	120.3

Finnmark	119.0
Buskerud	114.0
Akershus med Oslo	112.0
Vest-Agder	111.3
Nord-Trøndelag	105.2
Hordaland	104.6
Hedmark	96.3

Ikkje med mellom dei ti beste, og «under streken», ligg følgjande fylke:

	Poeng
Møre og Romsdal	88.1
Aust-Agder	87.0
Oppland	86.3
Sogn og Fjordane	85.0
Vestfold	83.4
Telemark	81.1
Østfold	73.6
Rogaland	73.5

Maitellingane gav følgjande resultat:

	Prosent
Sør-Trøndelag	65.4
Troms	61.2
Buskerud	60.1

Nord-Trøndelag	59.8
Nordland	56.0
Akershus med Oslo	53.0
Finnmark	51.3
Oppland	49.0
Hordaland	48.6
Møre og Romsdal	48.4
Sogn og Fjordane	43.0
Vest-Agder	39.5
Østfold	37.2
Vestfold	36.0
Telemark	35.1
Hedmark	35.0
Rogaland	33.0
Aust-Agder	26.0

Dersom vi kan samanlikne oss med Sverige, så veit vi at obligatorisk bruk av nærlys/kjørellys der har gitt ein merkbar reduksjon i ei rekkje ulykkestyper. Men så har også lysbruken om dagen auka frå ca. 50 til 95% av køyretya.

I Hordaland viste tellingane i april, mai og juni 56,1, 48,6 og 41,2 prosent.


Dersom vi skal hauste same gevinst som svenskane, må vi auke denne prosenten kraftig.


Bruk køyrelys!

VEGOPNING PÅ VOSS

Biletet syner Brynagjelet bru på Voss. 30. mai om ettermiddagen vart brua saman med resten av strekninga Lundarosen-Brynagjelet opna for trafikk. Med desse ca. 1150 m veg over Tvildemoen vert trafikken på E 68 no ført utanom Voss sentrum og den smale Langebrua, som slett ikkje var bygd for dagens trafikk. Anleggsarbeidet tok til i 1982, og kostnaden er om lag 17 mill. kroner.

Dagen før, 29. mai, vart og Ragdeparsellen i Odda opna for trafikk. Med dette kan rv. 47 ta i mot 10 tonns akselrykk fram til Kinsarvik.





BEDRIFTSLEGEN ER PÅ PLOSS!

Vegvesenet har endeleg fått eigen bedriftslege i full stilling og får vonaleg òg sjukepleiar frå i sommar. Det vert stilt store forventningar til dette at vi no har høve til å utvikle bedriftshelsetenesta etter vårt eige behov. Det vil i første rekkje seie at det vil bli lagt stor vekt på å førebyggje dei skadene og sjukdomane som oftast kan registrast i vegvesenet som følgje av det arbeidet vi driv.

haveleg fra Sveio i Sunnhordland, men har teke ein solid omveg før dei kom til vegkontoret i Fyllingsdalen. Jostein Waage var ferdig med utdanninga si i 1982, har hatt turnus teneste i Hammerfest og i Sjøvegan i Troms, og har etter det praktisert som distriktslege i Laxa i Sverige, der det faktisk er lettare å få slik jobb enn her.

Hovudoppgåve å hindre sjukdom

Kvifor veljer ein full stilling som bedriftslege, framfor i dag å etablere seg som allmennpraktiserande lege, spør

Endeleg er det mykje om og men: har vegvesenet i Hordaland fått sin bedriftslege? Jostein Waage tok til i stillinga i midten av april, og han tok like

godt med seg kona Anna Waage, til hjelp i ei kort periode før vi får tilsatt bedriftssjukepleiar.

Ekteparet Waage er opp

Ei lita prøve av det nye utstyret kravde Anna Waage då ho og mannen, Jostein Waage, skulle fotograferast. Jostein Waage tok til i stillinga som bedriftslege i april, og har førebels kona, som er utdanna sjukepleiar, til assistent.

(FOTO E. GRØNSDAL)

Veg i Vest. Waage ler: — Mellom legar er det delte meininger om kva ein bør velje, men eg tykkjer det er viktig å gjere noko også med det førebyggjande arbeidet, og sjå på årsakene til dei sjukdomane som dei allmennpraktiserande legane vanlegvis behandlar. I denne jobben får eg òg praksis i attføringsarbeid.

I følgje dei nye reglane for bedriftshelsetenesta vil hovudoppgåva mi vere å leggje vekt på det førebyggjande arbeidet og attføring. Det vil bl.a. føre med seg at eg skal ha ofte kontroll av dei gruppene som er utsette for yrkessjukdomar eller skader i arbeidet. Det vert no sett slik at rutinekontroll av friske menneske ikkje har så stor verdi, slik at vi no berre vil kalle inn folk som er under 45 år kvart tredje år, medan ein får innkalling kvart år når ein er over 45.

Eg vil òg freiste å setje av ei viss, fast tid til vanleg behandling, men dette er ein mindre del av arbeidet mitt, understrekar Waage.

Mindre «kjøtkontroll»

— I alle høve er ein no komne fram til at det gjer meir att å sjå på dei mest utsette arbeidsplassane enn å drive tradisjonell «kjøtkontroll», peikar Waage på. Når vi skriv dette, har han så vidt fått tid til å setje seg inn i kva som gjer att av problem i vegvesenet her i fylket belastningssjukdomar, muskel-/skjelettsjukdomar og ein del meir sosiale problem. Dette er problem han skal freiste å løyse i samarbeid

med verneleiaren. Planen er at dei skal reise rundt i fylket og sjå på ulike arbeidsplassar. Ein mini-buss vert innreidd spesielt til dette føremålet. Her skal ein òg ta seg av kontrollar ute i distriktet.

Førebels har det vore om å gjere å få utstyret på plass på det nye legekantoret i Fyllingsdalen, der det framleis manglar litt. Waage meiner kontoret vil fungere bra etter kvart, og han var i mai så vidt komen i gang med å kalle folk inn til kontroll. Eittersom han sjølv er kalla inn til militærteneste frå slutten av mai, vil innkallinga til kontroll komme i gang for alvor til hausten.

